

Arkitekt Mélanie Bergeron utvidar

Arkitekten med base i Bekkjærвик har inngått samarbeid med bergensfirmaet SE Arkitektur. No flyttar dei inn på Bekkjærвик torg og søker samstundes ny tilsett.

Arkitektane flyttar inn på Bekkjærвик torg i fyrste etasje, ved sida av apoteket.

– Ein gang over sommaren opnar me, fortel Mélanie.

Me vil auka kapasiteten, og har lyst ut ledig stilling som arkitekt. I tillegg vil personar frå SE Arkitektur vera disponibel for å kunne arbeida i Bekkjærвик etter behov, opplyser Mélanie.

Arkitekten fortel at dei no også tilbyr oppdrag som gjeld reguleringsplanar. Me får eit fagleg miljø og mange nye kollegaar. Det er kjekt å kunna diskutera eit oppdrag og ikkje alltid ta avgjerdene aleine, som eg har gjort til no.



Arkitekt Mélanie Bergeron inngår samarbeid med SE Arkitektur, og flyttar over sommaren inn på Bekkjærвик torg.

Brei erfaring

SE Arkitektur er eit mellomstort arkitektfirma med 16 tilsette. SE Arkitektur skal tilby kompetanse innan arkitektur, SØK, reguleringsplan og bygningssjikk.

– Bergensfirmaet har brei kompetanse og oppdrag i heile Noreg. Dei har stor variasjon i nye prosjekt. Dette er bakgrunnen for samarbeidet, fortel Mélanie.

– Eg starta mitt arkitektfirma for 16 år sidan, fortel sivilarkitekten.

Og sidan har ho arbeidd heimifrå. Eg kjem frå Canada, og då eg flytta til Bekkjærвик i 2006, ville eg driva med faget vidare. Det var ingen arkitekter her, og det var bakgrunnen for at eg starta for meg sjølv. I starten samarbeida eg med eit arkitektfirma frå Sotra, for

å få erfaring og opplæring i å vera arkitekt i Noreg. Sjølv om det er same byggjeteknikk og same måte å køyra prosjektene på, var det likevel mykje nytt, mellom anna lovverk du må oppdatere deg på.

– Eg har i det siste vore på tanken å samarbeida med nokon. Før var det eg som gjekk ut til dei andre kontora, no er det motsett. Med det nye samarbeidet er det SE Arkitektur som kjem til Bekkjærвик for å byggja opp firmaet og auka kapasiteten og kompetansen her i Austevoll. Det vert spanande, fortel Mélanie.

Straks 400 prosjekt

Mélanie har arbeidd med mange prosjekt i Bekkjærвик, og trekker fram Austevoll folkebibliotek som eit fint eit.

– Arkitektur skapar verdiar, og biblioteket er eit godt eksempel på det. Lokalet er ikkje nytt. Det var her før, bøkene og personalet er dei same. Me har endra arkitekturen, som har påverka estetikken. Me har endra måten å bruka arealet på. Interiørarkitekt for prosjektet har utarbeidd forskjellige type rom, og ulike måtar å bruka biblioteket på. Både inventar, belysning og fargar spelar saman for å skapa eit nytt bibliotek, fortel Mélanie.

Hengjo, løo og kjøkenavdelinga på gjestgiveriet, bustadar, diverse oppdrag for kommunen er òg nokre av tidlegare prosjekt Mélanie har sin signatur på.

– Eg har hatt 380 prosjekt dei siste 16 år, smiler ho.

Kvart prosjekt unikt

– Det er det som er gøy, kvart prosjekt er unikt. Ingen prosjekt er like. For kvar bestilling er det eit nytt prosjekt du set deg inn i med nye utfordringar. Mélanie fortel at ho har både små og store oppdrag.

– Eg kan ha små oppdrag som ei rask skisse på situasjonsplan, til prosjekt som kulturelsalen som har pågått i over ti år.

Du går ifrå ein idé, der kunden ofte har ynske. Så må du setta det på papir, og definera omfanget av prosjektet. Det er ofte ein lang prosess, seier Mélanie.

– Mellom anna ligg Kongsens kulturelsal og Hengjo på rampen til å søkja ferdigastest no.

Og for kvart prosjekt som er forskjellig, så lærer du ein ny

ting kvar gong, held den erfaringen arkitekten fram.

– Ein arkitekt gjer mykje, fortel sivilarkitekten.

– Du kan prosjektera bygg, men kan også vera ansvarleg søkjar og prosjektleiare. Det vil seia den som har oversikt over budsjett, framdrift og dei andre faga også, som elektrisk, rørleggjar og entreprenør. Og ikkje minst i forhold til å planleggja reguleringsplan, har arkitekten ei viktig rolle. Når eg er aleine er det avgrensa kva eg kan gjera. Når me er fleire, har me høve til å ta større prosjekt og auka både kvalitet og kvantitet, avsluttar Mélanie.

M Ann Elin Drønen
ann.elin.dronen@marsteinen.no

Havvindplanar uroar fiskerinæringa

Statsminister Jonas Gahr Støre har uttalt at Noreg skal bli ein av dei leiande nasjonane i verda på havvind. Utspelet uroar fiskarar som fryktar vindturbinar på fiskefelta.

– Eg tykkjer ikkje noko om det. Det er for lite greidd ut slik det vert lagt fram no. Det seier Ole Svein Einebærholm, fiskar og medeigar i fiskebåten Vestbris, til NRK.

Fiskarane meiner det må gjennomførast grundige undersøkingar av kva konsekvensar vindturbinane vil få for fisket i områda der vindturbinane skal kome. Dei peikar blant anna på dei store vernesonene som er rundt oljeinstallasjonar.

– Det betyr at det blir tregare. Det er mykje der frå før og skal dette kome i tillegg så blir det meir krig der ute, seier Einebærholm.

Generalsekretær Sverre Johansen i Noregs Fiskarlag er også uroleg. Han opplyser til NRK at fiskarane må vera trygge på at fiskeria blir varette og at ein får gode areal til å drive aktivitet på i tida framover.

Støre er samd i at det er viktig med grundige undersøkingar av felta før dei går til utlysing. *NPK*

Færre forhold på sjøen

Førre helg var politibåten innom Bekkjærвик for kontroll 6. juni. Det var mindre båtar enn normalt og lite å rapportera.

– Me opplever at båtforarane er flinke til å halda seg innanfor regelverket, men langs bilvegane er det heller meir å ta fatt i. Me kjem til å halda fram med auka kontrollar langs vegane i tida som kjem, seier politistasjonssjef Vidar Mjåtvedt.

Mista førarkortet

2. juni hadde politiet i Austevoll fartskontroll ved Barmenhaugen. Det vart skrivne ut sju forenkla førelagg knytt til fart og to til bruk av mobiltelefon. Høgaste fart vart målt til 80 kilometer i timen i 50-sona. Vedkommande mista førarkortet.

Sjåfør stakk av

Ein bilfører vart påkøyrd av ein annan bil på Hundvåkøy tidlegare denne veka. Sjåføren stansa, men skal deretter ha drege frå staden. Politiet blei varsla om hendinga og har klart å identifisera vedkommande. Saka enda med forsikringsoppgjær. – Han var heldig. Vanlegvis blir slike saker meldt til politiet, seier Vidar Mjåtvedt i austevollpolitiet.